Ho Marit Hullu-volla (Høgbuvolla)
Ska eg fra fram det eg veit, lyt eg gaa utom spörjelista. Ho Marit var född i Medala. Budde si meste tid paa ein plass, Sannkolu i Lorruundala i Orkdala. Var gift og ha 4–5 born. Veit ikkje naar ho var född. Men somaren 1907 kom ho hit liksom for hjelpe i huse. Ho var da over 80 aar. Stor og sterk og aandsfrisk. I grannegarden her ha dei ein gut född i 1905. Han ha epilepsi. Mora som og hette Marit vart einig med ho Marit Hullu-volla at ho skulde kurere denne guten. Han verken gjek eller snakka enda. Her er raaderne som vart bruka: Skulde hit fram ein stein froa fjelle, ein froa elva, og ein froa jorda. Skulde legg desse steinan i glohaugen i roa-muren. Naar dom var glosau, skulde ein slepp ein og ein i ei kallvassbötte. Den steinen som gav froa seg ein lyd naar han noadde kallvatne, vart det leke vare paa. Aa var han froa fjelle skulde ein tak eit kle-plagg som hadde guten tit, vikle det fast kring steinen og grava han ned i fjelle. Aa likeens om steinen var froa jorda eller elva. Da vart di vonde aander som hadde kasta sjukdom paa guten nödd til aa tak att sjukdomen. Men all slik sjukdom ha sit utspring bere froa ein av desse aander. Aa fölgeleg var det bere ein stein som gav froa seg denne ulande lyden naar han noadde kallvatten, bint froa glohaugen. Ho fekk nok ikkje stull paa Epilepsien hos den vesle guten nei. Han gjek som ein slakkar heilt til han vart 19 aar. Men ho Marit Hullu-volla fortalte at ho einging kurerte eit av sine eigne born paa denne maaten. Venteleg var det ikkje Epilepsi det galt den gongen. Kanskje bere vanleg krimosjuke. —

15418
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kloke Koner. 1

Ho ha nok kurert fleire born og sa ho. Eg trur ikkje ho fekk nokko slags betaling for dette ein tilfelle. Du trur paa at dette hjelpe og da Marit, 'spurte eg. Da ho kom att om kvelden og hadde grave med steinen. Da ein lyt no tru paa det da veit du,' sa ho. Men soa lo ho og noar ho saag at eg lo. Eg trur knapt ho Marit jamt over var halden for nokko klok kone som folk sökte aat. Men den Kona som aatte gulen, var og meir enn vanleg einsleslo som vi sie her. Det lyder einfoldig. Ellest trur eg slike smaa raader har vore trudd paa, aa bruka langt inn i dette hundraa aare. Var ikkje tilette av ho Marit. Ho levde all sin dag eit slitsamt og fattigt liv. Ei dotter, Anna Vorndal lever enno og bur paa Orkanger. Ho er 85 aar.

Ei vi kalla Gjertrud Berg var og född i Medala. Ho vart gift til Berg i Hemna. Ho dreiv og kurerte baade folk og fe. Ho var flink til aa grö=att saar. Men ho bruka medisin fraa apoteket. Eller og slikt ho laga av planter. Var ikkje haurt at ho dreiv med magiske raader. Folk henta ho lange veie. Fantest ikkje doktor nærar enn paa Vitra eller aat Orkdala. Soa folk laut pröv di raader som fantest. Var haurt at ho var eit forstandigt menneskje, da at folk trudde paa ho. Eg er född i Hemna i 1875. Men ho Gjertrud levd för mi tid. Slekta hennar lever baade paa Berg og paa Alvstad.

Jon Jösteinsen Stölsmo född omkr. 1840 dreiv og kurerte folk med medisin, han kjöpt paa ap. og laga av gras og planter. Han var sikkert flink, særleg til aa grö saar. Men han trudde ado kjölleg paa magi. Ska pröv aa fortel nokre stubba om han. Han döde langt inn i dette hundraa aare.

15418

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad 2 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76 Fylke: Sör Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vinje

Emne: Kloke folk Bygdelag. Hemne

Oppskr. av: Øyvin Sommundal Gard: Vasslia

(adresse): Vassli brevhus T.heim G.nr. 125 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Han var riktig flink for lungebetendelse
hals sjukdomar og for opne soar. Han kunde
fra gamle aarekunstar til aa gro. Men han
hadde altsaa ei sterk tru paa magi og
skjulte krefter. Han vart ofte henta
lang vei i sjukdomstilfelle. For aa vise
at han dørka ovtru, kan eg nemn ei hen-
ding eg minnast godt: Paa heimegarden min
Lien som er granne med Stolsmo, kom det dif-
teri ein somar. Han Jon Stolsmo gjek seint og
tidleg og pensla halsen paa dei to sjuke.
Smitte var han ikkje redd. Eein dag ho ma-
laga til mat aat han, klaga ho seg for at
ho ikkje aatte smör. Vi bli for soa rar ei
sjuke paa krötera sa ho. Mjölka bli som
ost og mösso soa snart vi ha sila det. Men
da vart han Jon reint forbukt. Nei ja sso!
Det er ikkje her dygda sett da?² I Lidalo ha
og varre ute for denne ulökka paa kjyrn.
Ja nei det er vel paa Øverhauga dem kan
dygda da (Desse to grannan ha utmark sa-
men med oss) Men kor du paa slikt da
spurte ho mor. Ja slikt ha eg no vorte for
soa mangen gong. Eein lyt tru det ein sjer.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15418

Soa fortalte han ein stubb om to fatige husmands-
born som gjek heime hos mor hans og fikk
mjölk. Men ein kvell dem kom inn i fjöse
for aa vent poa mjölka, svag mor hans, at dem
ha ei lita fille med hoar og skroa inni, som
dem slapt oppi sau-galire. Men ho mor
vert ei lita mokroa ho. Soa det bit ikkje
poa kröttera vor, sa hon. Ho Lava Reit-
hauga som aatte desse borna, var kjent for
aa vera full av ovtru og vipor. Han
Jon Jöstensen Stolsmo fortalte dette i 1896.
Mor mi var född 1853.

Lyt vel nemn han Johan Larsen Holla-
myren. Han var ingre enn han Jon. Han
dreiv og kurerte folk og fe med midisin
han kjöpte poa apoteke(t). Han las og dokter-
böker. Folk kalla han doktern. Men det
var no mest poa spel. Han var levande
redd aa arbei. Kone og born svalt. Han rus-
la rundt i grenda aa snakka med folk. Soa
fik han da mat. Tru knapt han hanokkon-
stor sökna.

Han „Kröttere-Jakop" var ikkje heimvering.
Men i min barndom gjek han gardimillom
og kurerte poa kröttera. Han og dreiv med
apotekervaro som han blanda samen. Han
hadde nokko forkjyr som han kalla Kü-
büttulm. Mange lært aa blande dette av han.
Heilt ufarleg. Men gamell folk sa at det
var iktulle efektivt i somme hove. Han
alder haurt at han Jakop dörka magi.
Kva bygd han var ifroa, veit eg ikkje.

Vossu 13 mai 1960 G. Lomundal

15418
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kansje eg ska nemme ein medaling
Ole Lillelven. Han var gift aa budde i ei lita
stuo ein eller annan stads i Medala. Har
det kontakter i Medala, kan De sikkert foa
vetta mer om han. Han var bere magiker.
Folketrua var at han ha selt seg oat den vonde
og froa han fek han skjulte krefter. Han vart
kente oat alle bygde omkring Medalen. Han
vart namnspurt etter ein slik tur oat Hemma.
Historia er slik: Det vart stjoalet sölvsaker froa
Hemme kjirkje. Det vart unmule for lensmannen
aa finne tjyven. Bror oat lensmannen vart
mistenkt. Folk vende Lillelvin. Han var nok
inspirert av sladder og gjetningar. Folk sa
han fik penger for aa peike ut denne — vi
kan kalle han K. Han var inne hos kona
til K. aa la ut om dette saa pos grovt at
K. anmelte han. Det vart rettssak. Retten
vart sett i Medala. Aa sjölvsakt tapte den
arme Ole Lillelven. Kva kunde han bevise?
Han fik vist og av retten ein kraftig repimande
om ikkje aa bruke svarte kunster. Han kaeet
at æra hans vart sulka etter dette.
Eingong han skulde sett fram tjuven i Haak-
kaaslien (Haakonsli) i Rindala, var han og
mindre heldig. Kjyn hennar Guro Haakkoas-
lien vart mjölka kvar natt. Jau han Ole sett
fram tjyven. Det var heimmannen sjöl som
kom jagande med di to store griseine hennar
Guro. Det var dem som mjölka kjyne.
Ho Guro var varskudd att ho moatte ikkje
glött utjonnom glase noar tjuven kom. Men ho
kunde ikkje bara seg. Ho vart rar etter
dette og gjek som ein stakkar all sin dag. Men
mannen hennar nytta höve til aa foa han
Ole til aa sett fram tjuvan enno ein gong den
dagen, noar han faist var der. For han ha

15418

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

misla eit reip. Jau han Ola fek ein too grannan til aa kom tilgards med reipe, bue med at han los og mana. Soa fek han ei klekkeleg betaling, og gav seg paa heimveg. Men grannen som laut kom med reipe hå lakt seg attme vegen og gav han Ole ein heileg omgang juling! Det var bue som vil den besle rom-kallen greidd aa gaa di over to mil, heim. At grisin saug kjyn kan bue forklarast slik, at svine var gitt ilag med buskapen om somaren. Ola soa vart slengt inne i somarfjöseom natta. Denne historia har eg etter mann min. Han er född paa Tisett i Rindala 1876. Historia om relsaken har eg froa eit skriv eg fik loane av Anders O. Sörli Vinje. Han er no död.

Det ergar meg ettest mykje, at eg ikkje idag fram att dei notater eg har froa skrive

Eit barn var bortkome i Snillfjord. Far aat barne gjek aat Medala for aa treffe han Ole L. Men han kunde ikkje faa ligg der om natta, tenda han Ole lova aa hjelpe han. Soa gjek snillfjordingen inn paa loaven hans Ole aa la seg. Det vart slik leven paa tune. Mannen glötta ut. Da slo han Ole aa snakka med slyggen sjöl utfor veggen. Jau barne laug unner ei lung grinn der og der. „Men han som eig barne, lige paa os no" sa Slyggen „Soa riv han i fillo da," sa han Ole. Nei det goar ikkje det helle. Han la seg ikkje slik ned sa Slyggen. Han las fadervoe sitt fer han la seg. Mannen smaug seg ut av loaven og for heim. Barne fann han dödt akurat der Slyggen ha sakt. Men det vart ikkje finnarlön paa han Ole den gongen. Ja slik veiseren det nok mange historier om han Ole, som de eldre kunde soa fall paa fraa kontakter i Medala.

14-5 60 Guri Lomundal

Fyrrel i Heimebygda vard gjord 1849

S.S.

15418
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING